



DEN NORSKE KYRKJA

Lesja kyrkjekontor
2665 Lesja

HØYRING VEDR. ENDRING AV GRAVPLASSVEDTEKTENE I LESJA

Gjeldande gravplassvedtekter for Lesja blir no endra, blant anna for å ta inn punkt som gjeld minnelund.

Minnelund vil no bli etablert på alle tre kyrkjegardane i kommuna. Minnelundane kan takast i bruk så snart dei er ferdige – og vedtektene er godkjende og trått i kraft.

Lokale gravplassvedtekter har fått endra status til lokal forskrift, og som følge av dette vil ein del av innhaldet i noverande vedtekter blir fjerna. Dette gjeld informasjon som er å finne i sentral forskrift eller inngår i andre reglement. Det er likevel rom for å gjeva vedtektene noko lokale punkt, men ramma for kva innhald vedtektene skal ha, er lagt. Dei nye vedtektene vil få namnet Forskrift om lokale gravplassvedtekter for Lesja kommune, Innlandet.

Kyrkjeleg råd skal ta stilling til innkomne høyringsinnspel, og sende nye vedtekter til Statsforvaltaren for godkjenning.

Dei nye vedtektene vil tre i kraft 30 dagar etter at Statsforvaltaren har godkjent den nye lokale forskrifta.

Forslag til Forskrift om lokale gravplassvedtekter ligg vedlagt, og dette er ei ope høyring, der alle har anledning til å gjeva høyringssvar.

Det er ingen konkrete spørsmål det er ynskje om svar på, men vi tek gjerne imot innspel. Kyrkjeleg råd har gjennom sin prosess drøfta ulike alternativ, og rådgjevar frå Statsforvaltar har sett på forslaget. Det er likevel ynskjeleg å få attendemelding frå innbyggjarane i Lesja kommune, for å sjå om vi kan eller bør gjera noko justeringar.

Den nye lokale forskrifta vil de finne på nettsida vår når den er vedteke, og sist oppdaterte versjon av forskrift vil de da og finne på nettstaden www.lovdata.no

I tillegg til at høyringsutkastet ligg på vår nettside (www.kyrkja.no/lesja), vil de og kunne få det i papirform ved å kontakte kyrkjekontoret.

Høringssvar innan **23. august** til:

Lesja kyrkjelege råd, pb. 75, 2671 Lesja eller kyrkjekontoret@lesja.kommune.no

Lesja, 30. juli 2026

Torunn Elisabeth Skotte Stavheim
Kyrkjeverje i Lesja